



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 43

(2004–2005)

Om lov om endring i lov 13. juni 1969 nr. 25 om trdomssamfunn og ymist anna

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 21. januar 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innhaldet i proposisjonen

Kultur- og kyrkjedepartementet legg med dette fram forslag til ei endring i lov 13. juni 1969 nr. 25 om trdomssamfunn og ymist anna. Lovframlegget inneber at fylkesmannen kan gjere unnatak frå regelen om aldersgrenser for forstandarar i trdomssamfunn.

2 Bakgrunn, gjeldande rett og forslag til endringar

I lov 13. juni 1969 nr. 25 om trdomssamfunn og ymist anna § 24 heiter det:

«Den som skal vera prest eller forstandar i registerført trdomssamfunn, må ikkje vera under 23 år og ikkje over 75 år. Han må liva eit heiderleg liv og ha evne til å gjera sine skyldnader etter lova.

Før han tek til i tenesta, skal han sende fylkesmannen skriftlig lovnad om at han skal gjera samvitsfullt alle gjeremål som er lagde til tenesta i eller med heimel i lov.

Når fylkesmannen har godteke lovnaden, skal han gjeva presten eller forstandaren brev om detta.»

Verken Kultur- og kyrkjedepartementet eller fylkesmannen kan gjere unnatak frå regelen om alder for forstandar.

Grunngivinga for regelen om alder finn vi i Dis-senterlovkomiteens innstilling om lov om trossamfunn overlevert til Justis- og politidepartementet 4. juni 1962 (s. 172), der det heiter:

«For statskirkeprester er nedre aldersgrense 25 år, for kallskapellane og hjelpeprester 23. Den øvre er 70 år, men med adgang for Kongen til å forlenge tjenesten i inntil 5 år. Det synes naturlig at man også for frikirkeprester har aldersgrenser som i noen grad beskytter mot umodenhet og alderdomssvekkelse.»

Departementet er kjent med nokre tilfelle der reglane om alder ikkje har tent formålet.

Forstandarar i trdomssamfunn har offentlegrettslege funksjonar. Det er derfor nødvendig å fastsetje krav for å bli godkjend som forstandar. Den viktigaste offentlegrettslege funksjonen er vig-selskompetanse. Stortinget har vedteke å innføre obligatorisk borgarleg prøving av ekteskapsvilkåra, og det er folkeregistra som skal stå for denne prøvinga. Det inneber at vigslarane kan konsentrere seg om dei seremonielle og religiøse sidene ved vig-selen. Som ei følgje av at vigslaren ikkje lenger

skal prøve ekteskapsvilkåra, vil ein vigsel utført i Noreg ikkje vere gyldig utan at det ligg føre ein gyldig prøvingsattest. Det er følgeleg ikkje lenger nødvendig av denne grunn å regulere krav om alder for forstandarar.

Departementet gjer framlegg om å endre lov om trdomssamfunn og ymist anna § 24, slik at fylkesmannen kan gjere unnatak frå regelen om alder for forstandarar i særskilte tilfelle. Forstandarar i trdomssamfunn vil etter dette i hovudsak bli behandla på lik linje med prestar i Den norske kyrkja. Utviklinga i dei seinare åra har ført til at reglane om alder for prestar i Den norske kyrkja blir praktiserte meir fleksibelt enn slik det er omtala i meldinga frå Dissenterlovkomiteen. Den nedre aldersgrensa for prestar i Den norske kyrkja er oppheva, men på grunn av utdanningskrava vil ein sjeldan kunne bli tilsett som prest før ein er 25 år. Den øvre aldersgrensa for prestar i Den norske kyrkja er 70 år, men prestar som er gått av for aldersgrensa, kan vere vikarar og ha vigselkompetanse.

Reglane i ekteskapslova om kven som kan utføre ein vigsel, er utvida til å gjelde også seremonileiarar eller tilsvarende i livssynssamfunn som får tilskot etter lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskot til livssynssamfunn. Barne- og familiedepartementet har gjort gjeldande den same regelen om alder som den Kultur- og kyrkjedepartementet no gjer framlegg om for forstandarar.

3 Høyring

Forslag til lovendring vart sendt på høyring 4. mai 2004 med høyringsfrist 18. juni 2004.

Forslaget vart sendt på høyring til desse instansane:

Alle trdoms- og livssynssamfunn som mottek statstilskot

Arbeids- og administrasjonsdepartementet

Barne- og familiedepartementet

Bergen kommune

Brønnøysundregistra

Datatilsynet

Den norske kyrkja, Kyrkjerådet

Drammen kommune

Finansdepartementet

Forsvarsdepartementet

Fylkesmennene

Human-Etisk Forbund

Islamsk Råd Norge

Justisdepartementet

Kommunal- og regionaldepartementet

Kommunenenes sentralforbund

Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmaktene

Mellomkyrkjeleg Råd for Den norske kyrkja

Norges frikirkeråd

Oslo kommune

Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn

Senter mot etnisk diskriminering

Sosialdepartementet

Statistisk sentralbyrå

Stavanger kommune

Utdannings- og forskingsdepartementet

Utanriksdepartementet

29 av høyringsinstansane har kome med fråsegn.

Dei aller fleste trdomssamfunna var positive til framlegget og har vist til at endringa vil føre til ei meir lik behandling av trdomssamfunn og Den norske kyrkja.

Dei fleste av dei offentlege høyringsinstansane som har kome med fråsegn, hadde ingen merknader. Fylkesmannen i Nordland peika på si side på at endringa ikkje bør svekkje dei små krava som lov om trdomssamfunn stiller til forstandar i trdomssamfunn, i lys av den sentrale rolla ein forstandar har i eit trdomssamfunn.

4 Departementets vurdering

I tråd med langt dei fleste høyringsfråsegnene har departementet vurdert det slik at forstandarar/prestar i trdomssamfunn bør bli behandla på same måten som prestar i Den norske kyrkja, og at det derfor bør vere mogleg for fylkesmannen å gjere unnatak frå alderskravet i særskilte tilfelle. Til dømes bør eit trdomssamfunn kunne nytte kunnskapane og røynslene hos pensjonerte leiarar, slik at desse kan ta på seg oppgåva som forstandarar, der som trdomssamfunnet finn at ein slik løysing er tenleg.

Hovudregelen vil framleis vere at forstandarar ikkje skal vere under 23 eller over 75 år. Enkelte av fylkesmannsembeta har peika på at dei har motteke søknader om å bli forstandar frå søkjarar under 23 år. Ut frå innhaldet i søknadene har Fylkesmannen tolka ønske om fritak frå militærteneste som einaste mål for søknaden. Fylkesmannen skal framleis avslå slike søknader.

5 Administrative og økonomiske konsekvensar

Departementet legg til grunn at forslaget ikkje fører til særleg store administrative meirkostnader.

Om lov om endring i lov 13. juni 1969 nr. 25 om trdomssamfunn og ymist anna

Kultur- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om
lov om endring i lov 13. juni 1969 nr. 25 om tru-
domssamfunn og ymist anna.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endring i lov 13. juni 1969 nr. 25 om trdomssamfunn og
ymist anna i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endring i lov 13. juni 1969 nr. 25 om trdomssamfunn og ymist anna

I

I lov 13. juni 1969 nr. 25 om trdomssamfunn og ymist anna skal § 24 første ledd lyde:

Den som skal vera prest eller forstandar i registerført trdomssamfunn, må ikkje vera under 23 år og ikkje over 75 år. Han må liva eit heiderleg liv og

ha evne til å gjera sine skyldnader etter lova. *Fylkesmannen kan gjera unnatak frå alderskravet.*

II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.